

## Skjema 39 Utdrag frå resultatregnskap for private institusjonar innanfor spesialisthelsetenesta

Kontakt SSB: [Spesialisthelsetjenesten@ssb.no](mailto:Spesialisthelsetjenesten@ssb.no)

Skjemaet er berekna på private sjukehus og andre private institusjonar som er knytt til spesialisthelsetenesta.

Skjemaet er basert på Norsk Standard (NS) 4102<sup>1</sup>, Ramme for kontokodar og rekneskapsoppstilling.

### Rettleiing for utfylling av online skjema:

Vi viser til ”Veiledning til skjema”. Her finn ein informasjon om utfylling av skjema og om funksjonar som vidareending av skjema / delegering av skjema, samt lagring, innsending og utskrift av utfylt skjema. Rettleiinga kan finnast inne i sjølve skjemaportalen under overskrifta «Nyheter».

For utfylling av skjemaet:

**Private institusjonar** loggar seg inn for utfylling av skjema med eige brukarnamn og passord, og vel deretter skjema som skal fyllast ut. Når ein velgjer namn vil opplysningar om tilhøyrande helseregion, helseføretak (HF)/regionale helseføretak (RHF) kome fram i aktuelle felt (sjå punkt 1). Opplysningar om rapporteringseining kjem fram i punkt 2.

### Punkt 1. Opplysningar om helseføretak (HF)/regionalt helseføretak (RHF)

Helseregion, namnet på føretaket og føretaket sitt organisasjonsnummer er predefinerte opplysningar og skal ikkje endrast.

### Punkt 2. Opplysningar om rapporteringseininga

Rapporteringseiningsnamn og organisasjonsnummer, institusjonstype, og felt med opplysningar om kva einingar som inngår i skjemaet er også forhandsutfylt, og skal ikkje endrast. Alle institusjonar må gi opp namn, e-postadresse og telefonnummer til den som er ansvarleg for innhaldet i skjemaet.

### Om rapporteringseiningar:

Rapporteringseiningar og undereiningar er avtalt i samarbeid med institusjonar. Rapporteringseiningar omfattar private institusjonar med og utan driftsavtale, som har hatt verksemd innan somatikk, psykisk helsevern for vaksne, psykisk helsevern for barn og unge, eller rusmiddelinstitusjonar gjennom året det blir rapportert for. For oversikt over institusjonar som blir inkluderte i skjemaet viser ein til punkt 2 Skjemaet inkluderer følgjande einingar. Dersom opplysningar om einingar likevel ikkje stemmer eller at einingar manglar, kan kontaktperson i SSB kontaktast. Enkeltopplysningar om organisasjonsnummer eller namnet til institusjonen, kan ein bruke merknadsfeltet til.

## 3. Resultatrekneskap:

Oppstillinga for resultatrekneskapet i skjemaet følgjer same oppstilling av kontokodar som i ramma for kontokodar i Norsk Standard (NS) 4102<sup>2</sup>. Ein skal gi opp summane for kontokodegrupper under

<sup>1</sup> Norsk Standard 4102, 4.utgave november 1998

<sup>2</sup> Norsk Standard 4102, 4.utgave november 1998

kontoklassane 3 t.o.m. 8. I tillegg ber ein om enkelte spesifiseringar av mellom anna. salsinntekter, offentlege tilskot/refusjonar, vare- og driftskostnader.

Inntekter og utgifter som er knytt til ambulansar, barnehagedrift/-plassar, bustader for personell og eventuelt legevakt skal ein **ikkje** ta med i rekneskapskjemaet.

Institusjonar med fleire verksemdar (somatikk / psykisk helsevern for voksane / psykisk helsevern for barn og unge / rusmiddelbehandling) må fordele kostnader til fellestenester. Dvs. administrasjon, reinhald etc. må fordelast på dei verksemdene som er nemnde ovanfor. Institusjonane må berre inkludere dei kostnadene som inngår i verksemda rekneskapsopplysningane gjeld for.

Under kontoklassane 3: Sals- og driftsinntekter, 4: Varekostnad og 6 og 7: Annan driftskostnad, av- og nedskrivning, ber vi om spesifiseringar av inntekter og kostnader.

Dersom ei inntekt eller utgift som vi ønskjer spesifisert ikkje blir ført i rekneskapet under den kontokodegruppa spesifiseringa er sett opp under i skjemaet, skal ho likevel spesifiserast her. Bruk merknadsfeltet for kommentarar i slike tilfelle. Gi opp beløpet det gjeld, og kva kontokodegruppe beløpet inngår i.

Forklaring av inntekter og utgifter, samt spesifiseringar følgjer under. Det er eit mål å kunne samanlikne rekneskapsopplysningar for institusjonane innanfor spesialisthelsetenesta. Det er difor viktig at ein følgjer rettleinga best mogleg for å oppnå eit slikt samsvar.

- |  |
|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>✓ <b>Inntekter skal ein gi opp med minus som forteikn</b></li><li>✓ <b>Alle beløp skal ein gi opp i 1 000 kroner</b></li></ul> |
|--|

### **Kontokodegruppe 3: Sals og driftsinntekter**

Inntektar frå sal og drift skal omfatte beløp som skriv seg frå varesal og tenesteytingar innanfor ramma av føretakets/institusjonenens ordinære verksemd etter fråtrekk for rabatt ved sal, merverdiavgift og andre skattar og avgiftar direkte knytta til salet. Offentlege tilskott knytta til produserte/selde varar og tenestar skal være lagt til. Alle inntektar som kjem frå føretakets/institusjonenens hovudaktivitetar skal spesifiserast som driftsinntektar. Annan driftsinntekt omfattar inntekt som ikkje er ein del av ordinært verke, og som ikkje er ekstraordinær. Dette kan være vinst ved sal av anleggsmiddel, provisjonsinntektar og liknande.

### **Kontokodegruppe 32 Sals- og driftsinntekter**

Det er **berre** pasient-/behandlingsrelaterte inntekter ein skal gi opp for 32 Salsinntekt. Følgjande inntekter skal spesifiserast:

- Dersom institusjonen har inntekter for diagnostikk og behandling av pasientar frå eigen helseregion baserte på innsatsstyrt finansiering (ISF) skal beløp spesifiserast som ISF-inntekter fordelt på ISF-inntekter frå helseføretak/regionale helseføretak og ISF-inntekter frå kommuner (kommunal medfinansiering).
- Eventuelle gjestepasientinntekter skal ein gi opp dersom institusjonen har hatt inntekter for behandling av pasientar tilhøyrande andre regionale helseføretak. Dette gjeld private institusjonar som er knytt til eit regionalt helseføretak. Omfattar òg eventuelle kurdøgn. Inntekter frå sal av enkelte plassar inkluderast her.

- Eigendelsinntekter innbetalte frå pasientar omfattar alle former for eigendelar (poliklinikk, laboratorium, protesar, behandlingsreiser, fysioterapi o.l.).
- Inntekter frå sjølvbetalande pasientar (utanlandske statsborgarar o.l. som ikkje er dekte av norsk trygd).
- Inntekter for utskrivingsklare pasientar (sjukehuskostnader fakturerte og dekte av kommunar) skal spesifiserast i tillegg.
- Dersom institusjonen har teke i mot andre inntekter som er pasient- og behandlingsrelaterte, til dømes fødselsførebuande kurs, fysikalsk gruppebehandling o.l. skal ein gi opp desse under 'Andre pasient-/behandlingsrelaterte inntekter'

#### 34 Offentleg tilskot/refusjon

- Inntekter frå poliklinikk og laboratorium frå Helseøkonomiforvaltningen (HELFO), skal ein gi opp kvar for seg. Eigendelar for pasientar som blir refunderte av trygda (ved frikort o.a. fritak blir eigendelen refundert frå trygdekontoret) skal òg vere med her. Og inntektar frå HELFO om fysioterapi skal førast her.
- Dersom ein har fått tilskot som basisramme, forskings-, undervisnings- eller funksjonstilskot må desse spesifiserast. Tilskot som basisramme omfattar grunnfinansiering frå RHF/HF til drift (driftstilskot/basistilskot).
- Dersom ein har fått tilskot til helseregionalt samarbeid, kreftbehandling, styrking av psykisk helsevern og Raskere tilbake frå henholdsvis helseføretak/regionalt helseføretak og HELFO, skal ein spesifisere desse knytt til desse områda.
- Andre offentlege tilskot skal ein spesifisere særskilt med namn og eventuelt kontokodegruppe. Det er viktig at kontokodegruppa blir ført opp, slik at det er mogleg å lokalisere kor tilskotet er ført i rekneskapet.

#### 35 Ikkje opptent inntekt:

- Under ikkje opptent inntekt er det ønskjeleg at gåver og donasjonar blir gitt opp.

#### 36 Leige

- Leigeinntekter frå fast eigedom, festeavgifter, utleige av lokale til næringsverksemd o.l. skal ein føre her.

#### 38 Gevinst ved avgang av anleggsmidlar

- Gevinst ved sal av utstyr, transportmiddel, maskiner o.l.

#### 39 Annan driftsrelatert inntekt

- Inntekter med opphav i purregebyr, foreldrebetaling, parkering, telekort, fri kost og kost og losji o.l.

### **Kontokodegruppe 4: Varekostnad**

Varekostnad omfattar forbruk av innkjøpte varer, eigetilverka varer, innkjøpte varer for vidaresal og kjøp av framandytingar. For sjukehus og institusjonar omfattar dette alle direkte "produksjonsrelaterte" kostnader i samband med behandling av pasientar. Kostnader som toll, frakt o.l., samt nedskrivning av varelageret inngår i varekostnad. Kontokodegruppene 40 til 43 må sjåast i samband med kontokodegruppe 14, dvs lagerførte varer. Behaldningsendring: Periodens lønnskostnader og varekostnader kan vere forbrukt for å framstille varer som ikkje er seld innan utgangen av rekneskapsperioden (f.eks. apotekverksemd). Det må foretas ei periodisering for at perioden berre skal belastast med kostnader for selde varer. Dette gjelder og om det er eit større sal enn produksjon i perioden. Kontokodane 'Behaldningsendring' presenterast såleis som ein korreksjon til kostnadene.

#### 40 Forbruk av råvarer og innkjøpte halvfabrikat:

- Det er ønskjeleg at medikament (forbruk av medisinar o.l.), blod og plasma, implantat og protesar (o.a. som vil følgje pasienten), instrument (t.d. kniv, saks, pinsett, skopeinstrument) laboratorie-/røntgenrekvisita, infusjons- og skyljevæsker) og andre medisinske forbruksvarer (t.d. bandasjar, medisinske gassar), m.m. blir spesifiserte i skjemaet under dette punktet..

#### 41 Forbruk av varer under tilverking

- Her fører ein kostnader som gjeld mat m.m. frå hovudkjøkken til pasientar.

#### 42 Forbruk av ferdig tilverka varer

- Dette gjeld apotek som er dei einaste ein kan tenkje seg lagerfører eigenproduserte varer.

#### 43 Forbruk av innkjøpte varer for vidaresal

- Dette gjeld apotek, kantine, og andre som kjøper inn varer for vidaresal utan eigen vidareforedling (handelsvarer).

#### 45 Framandytingar og underentreprisar:

Eksternt kjøpte behandlingstenester for eigne pasientar:

- Kjøp av offentlege helsetenester omfattar kjøp frå institusjonar som det offentlege eig. Døme på slike tenester er: diagnose/behandling, tannhelse, laboratorieanalysar, røntgenenester
- Kjøp av andre private helsetenester omfattar kjøp frå institusjonar som private eig. Døme på slike tenester er: Diagnose/behandling, tannhelse, laboratorieanalysar, røntgenenester o.l.
- Diverse andre kjøp av helsetenester kan inkludere innleidde behandlingsteam og helsepersonell frå vikarbyrå som yter hjelp i samband med eigne sjukehuspasientar.

#### 49 Annan periodisering

- Denne kontokodegruppa kan ein bruke for postar som ikkje logisk passar i kontokodegruppe 41 til 43.

### **Kontokodegruppe 5: Lønnskostnad**

Lønnskostnad omfattar alle former for lønsgodtgjersle, under dette finn ein feriepengar, styrehonorar, naturalia og liknande, samt arbeidsgivaravgift, pensjonskostnader, personalkostnader o.l.:

#### 50 Løn til tilsette

- Omfattar all løn til fast tilsette og vikarar, timeløn for arbeid utover avtalt arbeidstid, fast løn til utanlandske arbeidstakarar (avgiftsfri), samt oppsamla/avsett ferieløn. Dette omfattar og tillegg for lør/søn/kveld/natt, forskuva arbeidstid, rekrutteringstillegg og andre avtalefesta tillegg. Dette inkluderer feriepengar innan kontogruppe 50.

#### 51 Løn til tilsette

- Skal nyttast for overtidsløn og løn til ekstrahjelp. Ekstrahjelp definerast som bemanning utan særskild avtale på innhald og tidsintervall. Dette skal inkludera alle tillegg o.a. lønnskostnader som utbetalast til ekstrahjelp. Skal inkludere oppsamla/avsett ferieløn inna kontogruppe 51.

#### 52 Fordel i arbeidsforhold

- Her fører ein oppgåvepliktige ytingar til tilsette (jf. løns- og trekkoppgåve), til dømes fri bil, fri telefon, fri avis, rentefordel og annan fordel i arbeidsforhold blant anna gruppelevs- og ulukkesforsikring.

#### 53 Anna oppgåvepliktig godtgjersle

- Her fører ein godtgjersler ut over utbetalt løn, godtgjersle til styret og anna oppgåvepliktig godtgjersle. Dette omfattar godtgjersle for styremedlemmer i helseføretaka, regionale helseføretak eller i dei private institusjonane. Dette omfattar godtgjersler for forslag, oppfinningar osv.

#### 54 Arbeidsgivaravgift og pensjonskostnad

- Her fører ein arbeidsgivaravgift til folketrygda og alle pensjonskostnader. Dette omfattar arbeidsgivaravgift av løn, medrekna arbeidsgivaravgift av oppsamla feriepengar og pensjonsinnskott. Alle pensjonskostnader skal først her, medrekna rapporteringspliktige pensjonskostnader, førtidspensjon osv. samt arbeidsgivaravgift av pensjonskostnadene.

#### 55 Anna kostnadsgodtgjersle

- Til dømes: kompensasjon ved flytting og liknande. Ikkje oppgåvepliktige honorar, til dømes til førelesarar.

#### 57 Offentleg tilskot i samband med arbeidskraft

- Her fører ein alle offentlege tilskot som gir reduksjon av arbeidskraftkostnadene, til dømes lærlingtilskot, sysselsettingstilskot og andre tilskot i samband med arbeidskraft.

#### 58 Offentlig refusjonar i samband med arbeidskraft

- Her fører ein alle offentlege refusjonar som gir reduksjon av arbeidskraftkostnadane til dømes refusjon av sjukepengar/fødselspengar, refusjon av feriepengar av sjukepengar/fødselspengar, refusjon av arbeidsgivaravgift, refusjon for attføring/arbeidsetaten/formidling og annan refusjon i samband med arbeidskraft.

## 59 Annan personalkostnad

- Under annan personalkostnad skal gåver til tilsette, yrkesskadeforsikring, kollektiv ulykke/gruppelivsforsikring, velferdstiltak for tilsette (t.d. bedriftsidrettslag o.a. velferdstiltak), etterutdanning og stipend, husleige, personalbustad, arbeidsklede (t.d.. uniformsgodtgjersle) og annan personalkostnad inngå.

## Kontokodegruppe 6 og 7: Annan driftskostnad, av- og nedskrivning

Annan driftskostnad omfattar alle ordinære driftskostnader som ikkje er særskilt spesifiserte. Tap på fordringar inngår. Alle eigedelar som har ei avgrensa økonomisk levetid, skal skrivast av etter ein fornuftig avskrivingsplan.

### 60 Av- og nedskrivning:

- Avskrivning på driftsbygningar inkluderer alle bygningar som er del av drifta, t.d. sjukehus, administrasjon.
- Avskrivning på andre bygningar og annan fast eigedom inkluderer alle bygningar som ikkje inngår i drifta - t.d. personellbustader, barnehagar, butikk, kiosk o.l.
- Avskrivning på transportmidlar inkluderer biler o.a. transportmidlar.
- Avskrivningar på medisinsk teknisk utstyr, IKT-utstyr.
- Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar oppgjevast spesifisert. Nedskrivning skal foretas til verkeleg verdi ved verdifall som forventast å ikkje vere forbigåande. Rekneskapslinjen omfattar og eventuell reversering av tidlegare nedskrivningar. Nedskrivning av finansielle anleggsmidler føres under rekneskapslinjen "finansielle postar".

### 61 Frakt og transportkostnader:

- Kostnader til transport av pasientar og annan frakt- og transportkostnad ved sal skal ein føre kvar for seg.

### 63 Kostnad lokale

- Dette omfattar leige lokale, renovasjon, vann, avløp og liknande, elektrisk kraft, fyringsolje, brensel og annan energi, reinhald og annan kostnad lokale.

### 64 Leige maskinar, inventar o.l.

- Dette omfattar leige av medisinsk teknisk utstyr, IKT-utstyr, transportmidlar, inventar, teknisk og elektrisk utstyr, kontorutstyr (f.eks. kopimaskiner, makuleringsmaskiner o.l.) og annan leigekostnad.

### 65 Verktøy, inventar og driftsmateriale som ikkje skal aktiverast

- Dette er for anskaffingar der objektet blir direkte utgiftsført. Skal ikkje aktiverast/lagerføres, (under NOK 100.000). Dette inkluderer medisinsk teknisk utstyr, IKT-utstyr, verkty (t.d. verkty,

redskaper), inventar, teknisk og elektrisk utstyr (t.d. test- og måleinstrument), kontorutstyr, rekvisita, arbeidsklede og verneutstyr og andre driftsmateriale.

#### 66 Reparasjon og vedlikehold

- Dette omfattar kostnader til reparasjon og vedlikehold av driftsbygningar, andre bygningar og annan fast eigendom, medisinsk teknisk utstyr, IKT-utstyr, maskinar, anna ustyr og inventar.

#### 67 Framand teneste:

- Under framand teneste vil helseføretaka føre revisjons- og rekneskapshonorar, kontortenester (innleie av administrativt personell frå vikarbyrå), konsulenttenester (f.eks. økonomisk rådgiving, juridisk hjelp) og anna ekstern teneste. Det er ønskjeleg at dei private institusjonane òg inkluderer dette her.

#### 70 Kostnad transportmidlar

- Alle kostnader knytt til transportmidlar skal førast her - t.d. drivstoff, vedlikehold, forsikring og annan kostnad transportmidlar.

#### 75 Forsikringspremie, garanti- og servicekontroll

- Gjeld alle forsikringar inklusive pasientskadeerstatning. Forsikringar forbunde med transportmiddel og tilsette skal ikkje med.

#### 77 Annan kostnad

- Under 77 Annan kostnad vil helseføretaka rekneskapsføre m.a. utgifter i samband med styre- og føretaksmøte, eigedoms- og festeavgift, bank- og kortgebyr, og andre kostnader. Det er ønskjeleg at dei private institusjonane inkluderer og gir opp dei same postane for annan kostnad.

#### 78 Tap o.l.

- Gjeld tap ved avgang av anleggsmidlar, innkomne på tidlegare nedskrivne fordringar, tap på fordringar og tap på kontraktar.

### **Kontokodegruppe 8: Finansinntekt- og kostnad, ekstraordinær inntekt og kostnad, årsresultat, overføringar og disponeringar**

#### 80 Finansinntekt

- Finansinntekt omfattar renteinntekter, valutagevinstar, avkasting på marknadsbaserte finansielle egedelar, samt verdiauke av marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar.

#### 81 Finanskostnad

- Finanskostnad omfattar rentekostnader, valutatap, verdireduksjon av marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, samt nedskrivning av andre finansielle omløpsmidlar og finansielle anleggsmidlar.

#### 84 Ekstraordinær inntekt

- Denne kontogruppen brukast kun ved transaksjonar eller hendingar som er uvanlege for verksemda og som forventast å forekomme sjeldan eller uregelfast. Ein post skal kunne klassifiserast som ekstraordinær når samtlege følgjande kriterier er oppfylt:
  - Uvanleg: Den underliggjande transaksjonen eller hendinga må ikkje ha samband med den ordinære verksemda, eller posten kan ligge innanfor den ordinære verksemda, men skyldast ein heilt unormal forretningsrisiko.
  - Uregelfast: Transaksjonen eller hendinga er av ein slik type at den ikkje kan forventast å inntreffe ofte eller regelfast.
  - Vesentleg: Posten må vere vesentleg i forhold til føretakets verksemd. Om ein post er uvanleg eller uregelfast må vurderast med utgangspunkt i føretakets spesifikke forhold. Det er eit vilkår at inntekten eller kostnaden må vere vesentleg i forhold til det ordinære resultatet i perioden eller over tid. Vesentleg må vurderast ved skjønn i den konkrete situasjon.

85 Ekstraordinær kostnad

Sjå omtale for 84 - Ekstraordinær inntekt

#### **Del 4 Overføringar**

Resultatrekneskapen nyttas til å berekne dei totale kostnadane i spesialisthelsetenestene både for region og for landet. Kjøp og sal av tenester mellom institusjonar og føretak gjer at denne produksjonen blir kostnadsført i fleire rekneskapar. For å unngå dobbel teljing av slike kostnader spør ein det i skjema 39 om summen av overføringar som går frå dei regionale helseføretaka og/eller helseføretaka til dei private institusjonane. Dette kan vere statlege tilskot som blir formidla via føretaka eller tilskot frå føretaka sjølve. Døme på slike tilskot er driftstilskot, gjestepasientinntekter, tilskot til raskere tilbake eller ISF-inntekter som blir inntektsførte på ulike postar i resultatrekneskapen.

Inntektene skal ein føre i resultatrekneskapen, men ein ønskjer i tillegg opplysingar om summen av overføringane som har vore mellom institusjonen og helseføretaket/det regionale helseføretaket. Dersom institusjonen tek i mot tilskot frå fleire helseføretak skal ein gi opp summen av desse.

Ein ønskjer òg at desse overføringane skal spesifiserast/delast inn etter type og finansieringskjelde - til dømes basisramme, gjestepasientinntekter, aktivitetsbaserte inntekter eller andre tilskot frå RHF/HF. Ein skal og gi opp kor mykje desse overføringane utgjer for kvart enkelt RHF/HF og kva for RHF/HF overføringane kjem frå (12 for Region Sør-Øst, 3 for Region Vest, 4 for Region Midt-Norge og 5 for Region Nord). *Basisramme omfattar grunnfinansiering frå RHF/HF til drift (driftstilskot / basistilskot). Aktivitetsbaserte inntekter inneheld ISF-inntekter- HF/RHF (sjå spesifisering under punkt 32), Poliklinikkinntektar frå HELFO, Laboratorieinntektar frå HELFO og tilskott til Raskere tilbake (sjå spesifisering under punkt 34 )inkluderast om dette er betalt via RHF/HF.*

Dersom institusjonen ikkje har teke i mot midlar frå regionale helseføretak og /eller helseføretak i rapporteringsåret skal ein sette null (0) i feltet.